

## Notat

Til: utval for miljø og samferdsel ved utvalsleiar

Frå: fylkesdirektør for samferdsel

Dato: 21.06.2018

Sak: Notat om bruk av overskotspengar på 50 mill. kr til vegopprusting og trafikksikring

I møte i fylkestinget 12./13. juni vart det gjort følgjande vedtak:

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert lånepoptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	3 085 341
<b>50 mill til vegopprusting og trafikksikring</b>	<b>50 000 000</b>
Auka stemmestøtte*	500 000
<b>SUM</b>	<b>107 085 341</b>

\*Ekstraordinære midlar til partiorganisasjonane:

- Botnsats: kr. 20 000 x 9 parti = kr. 180 000
- Kr. 320 000 fordelt på 57 representantar

Prioritering av tiltak vert gjort i utvala.

Samferdselsavdelinga har forstått det slik at intensjonen er at hovuddelen av løyvinga på 50 mill. kr kan gå til dekkeleggingsprogrammet/asfalt, samt noko kantforsterkning/rekkverk om behov og/eller kommunale TS tilskot.

Konkurransegrunnlag og tilbod på dekkelegging SVV har fått inn er satt opp slik at ein kan utvide omfanget. Det vil seie at SVV har fått inn tilbod/prisar på ekstra strekningar som dei kan legge til i kontrakt, men det føreset ei rask avklaring – helst i løpet av denne veka. Dette er nærmare grunngjeve i kommentarar frå SVV som står i vedlagt dekkeleggingsprogram. Det er ikkje gunstig å utføre dekkelegging og merking sein om hausten/vinteren, så viktig å kunne nyte seg av tilbod med opsjonar ein allereie har fått inn. Dersom ein må vente med avklaringa til MISA møte 15. august må ekstra dekkelegging lysast ut på nytt, og det vert då utfordrande å få lagt asfalten i løpet av året med god kvalitet.

Vi ønskjer derfor i løpet av denne veka å gje klarsignal til SVV om at 40 mill. kr av ekstraløyvinga kan brukast til dekkeleggingsprogrammet/asfalt. Prioritering av resterande 10 mill. kr. kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak til MISA (truleg via Fylkestrafikksikringsutvalet). Før ein legg fram sak vil Samferdselsavdelinga skal ha ein gjennomgang med SVV på aktuelle prosjekt på kantforsterkning/rekkverk og søknadar på kommunale TS tilskot som ikkje nådde opp i prioriteringa i sak lagt fram for MISA 18.04.2018.

Vedlagt følgjer oppdatert dekkeleggingsprogram frå SVV. Programmet viser kva strekningar som er prioritert innanfor opphavleg ramme på 39,2 mill. kr. Deretter er det satt opp dei strekningane ein kan inkludere i kontrakt om ein får klarsignal no for å bruke inntil 40 mill. kr av ekstraløyvinga til dekkelegging/asfalt. Det er då tatt høgde for at ein innanfor summen på ekstra 40 mill. kr får utført

«sinusfresing» på dei strekningane det er mogleg, noko som er eit godt TS-tiltak. Det er også tatt høgde for å ha nok midlar til vegoppmerking av dei nye strekningane. Til slutt i programmet er det satt opp nokre strekningar i reserve i tilfelle ein har midlar til overs og/eller MISA ønskjer å prioritere enda meir til asfalt. Når saka for prioritering av resterande 10 mill. kr vert lagt fram i MISA vil fylkesrådmannen samtidig rapportere på status for dekkeleggingsprogrammet og få gjort nødvendige avklaringar om det er midlar til overs.

SVV rekk ikkje før sommarferien å oppdatere kart som viser strekningane det vert lagt nytt dekke, men vil utarbeida kart så raskt det lar seg gjere.